



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Britt Solheim, 5557 2334

Meland kommune  
Postboks 79,  
5906 Frekhaug

MELAND KOMMUNE	
Kommunalavd. natur, næring og tekniske tenester	
01 JUNI 2011	
J.nr. <u>11/8266</u>	
Ark. <u>545.1</u>	Saksh. <u>1</u>
Saksid. <u>11/112-1</u>	

915-2

Vår dato  
27.05.2011  
Deres dato  
10.05.2011

Vår referanse  
2011/6520 461.1  
Deres referanse

### Oversender sak om rotteplager på grunn av forurensning fra avløpsanlegg og problemer med avkjørsel på Moldekleiv i Meland kommune

Vi viser til brev fra Bjørn Hammersvik med flere om rotteplager og uoversiktlig avkjørsel i området Moldekleiv i Meland kommune. Brevet er sendt til Fylkesmannen i Hordaland fordi de flere ganger har vært i kontakt med Meland kommune uten å få klare svar på spørsmålene sine.

De viser til at flere eiendommer i området ikke har godkjente avløpsanlegg. Det klages på rotteplager ved "private søppelfyllinger" som har oppstått fordi det er for langt mellom stoppene for bossbilen langs Moldekleiveien. Det vises også til at en vei er anlagt med for liten svingradius og uten forsvarlig sikt, noe som igjen fører til farlige trafikale situasjoner.

#### Fylkesmannens bemerkninger

Vi viser til reglene i forurensningsforskriften del 4 om avløp som trådte i kraft 1. januar 2007.

I denne saken er det Meland kommune som er forurensningsmyndighet. Meland kommune skal etter § 48 i forurensningsloven føre tilsyn med den alminnelige forurensningssituasjonen og med forurensning fra enkelte kilder.

Det fremgår av § 7 i forurensningsloven at ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning, uten at det er lovlig.

Det følger av forurensningsloven § 7 annet ledd at ved fare for forurensning i strid med loven, en forskrift eller vilkår i utslippstillatelse, plikter den ansvarlige å sørge for tiltak for å hindre at forurensningen inntreffer. Dersom forurensningen inntreffer, har den ansvarlige plikt til å sørge for avbøtende tiltak.

Forurensningsloven § 7 fjerde ledd gir forurensningsmyndigheten adgang til å pålegge gjennomføring av tiltak innen en nærmere angitt frist. Dette gjelder også myndighet til å gi pålegg om tvangsmulkt etter forurensningsloven § 73 ved forhold i strid med loven. Tvangsmulkten begynner å løpe dersom den ansvarlige oversitter fristen for retting av forholdet som kommunen har fastsatt.

Kommunen kan etter § 37 i forurensningsloven gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28. (forbud mot forsøpling), skal fjerne det, rydde opp innen en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding. Dette pålegget kan også gis overfor den som har overtrådt § 35 første eller tredje ledd, dersom dette har ført til at avfallet er blitt spredd.

Når det er spørsmål om veiutbygging, skal dette være søkt om etter plan- og bygningsloven.

Vi sender brevet fra Bjørn Hammersvik med flere til Meland kommune som rette instans for å rette opp i forholdene og informere klagerne.

Med hilsen

Kjell Kvingedal e. f.  
seksjonssjef

Britt Solheim  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Brevet fra Bjørn Hammersvik m fl.

Kopi til: Kari og Bjørn Hammersvik, Moldekleiv 77, 5918 Frekhaug  
Linda og Are Folkestad, Moldekleiv 65, 5918 Frekhaug



**MELAND KOMMUNE**

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Tore J. Dale og Nina Juulseth  
Skuteviksbodene 22  
5035 BERGEN

Dykkar ref.  
Vår ref. HFI

Journalp.ID 11/9438  
ArkivsakID 11/915  
Arkiv nr. N-540

Dato 28.06.2011

### **KLAGE PÅ FARLEG AVKJØRSEL OG MULEG FORUREINING**

Meland kommune har mottoke klage på muleg farleg avkjørsel, ikkje godkjent avlaupsanlegg og bruk av fritidsbustad som heilårsbustad på gnr.27 bnr.73.

Klagen er sendt til Fylkesmannen med kopi til Meland kommune, sjå vedlegg.

Før kommunen handsamar overnemnde klage ber kommunen om dykkar uttale innan 15.07.2011.

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Anny Bastesen  
kommunalsjef

Harry Finseth  
Avdelingsingeniør

Adresse  
Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 41 A  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Telefon:  
56 17 10 00

Telefaks:  
56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61

Bankkonto:  
1503.18.83722

Heimeside:  
[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Kartinformasjon:  
[www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)





## MELAND KOMMUNE

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

Tore J. Dale og Nina Juulseth  
Skuteviksbodene 22  
5035 BERGEN

Dykkar ref.  
Vår ref. ALM

Journalp.ID 11/15546  
ArkivsakID 11/915  
Arkiv nr. N-540

Dato 19.12.2011

### **GJELD TILHØVE PÅ GNR. 27 BNR. 73.**

Meland kommune viser til tidlegare korrespondanse og synfaring på eigedomen 20.09.2011. Slik avtalt på synfaringa har Meland kommune tatt prøvar av sigevatn 3 ulike stadar på og i nærleiken av eigedomen. Prøvane er tatt i bekk ved staden der bossdunkane vert henta, ved overvassrist like ved parkeringsarealet til hytta og nedstrøms slamavskiljaren. Prøvane viser ikkje teikn på forureining.

I samband med synfaringa er det registrert at fritidsbustaden er nytta som heilårsbustad. Det er også opparbeidd veg frå den kommunale vegen og fram til fritidsbustaden. Meland kommune gjer merksam på at bruksendring frå fritidshus til heilårsbustad og opparbeidd veg er søknadspliktige tiltak etter Plan- og bygningslova § 20-1. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre naudsynt løyve.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel har status som LNF-område (landbruk-, natur,- og friluftsområde) og er avhengig av dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen før det kan gjevast løyve til bruksendring frå fritidshus til heilårshus på eigedomen. Det same gjeld for å gje løyve til framføring av veg til eigedomen, jf. Plan- og bygningslova kap. 19.

Dersom tiltaka ikkje vert godkjend etter gjeldande lovverk, pliktar kommunen i medhald av Plan- og bygningslova kap. 32 å følgja oppsaka som ei ulovleg sak, med moglegheit for å fatta vedtak om pålegg om retting og tilbakeføring av tiltak utført på eigedomen.

Meland kommune ber om at eigar av gnr. 27 bnr. 78 kjem med ei uttale om status i saka innan 15. januar før administrasjonen vurderer vidare saksgang.

Ta gjerne kontakt.

**Adresse**  
Postboks 79  
5906 Frekhaug  
Besøksadr. Havnevegen 41 A  
postnottak@meland.kommune.no

**Telefon:**  
56 17 10 00

**Telefaks:**  
56 17 10 01  
avd. 56 17 11 61

**Bankkonto:**  
1503.18.83722

**Heimeside:**  
www.meland.kommune.no  
**Kartinformasjon:**  
www.nordhordlandskart.no

Komm.avd. for natur - næring og tekniske tenester

---

Anny Bastesen  
kommunalsjef

---

Anne Lise Molvik  
Avdelingsingeniør

Internt notat.

### **Synfaring 20. september 2011 på gnr. 27 bnr 73.**

Deltakarar: Eigar Tore Dale, Harry Finseth og Anne Lise Molvik møtte frå Meland kommune.

Bakgrunnen for synfaringa er klager frå naboar på kloakkløysing, bruk av eigedomen, etablering av veg m.m.

Tore Dale overtok fritidseigedomen i 1999. Han eig eigedomen saman med sambuaren sin Nina Juulseth.

Bruk av eigedomen:

Tore Dale opplyste at eigedomen f.t. vert leigd ut som heilårsbustad. Leigekontrakta har vart om lag eit halvt år og gjeld fram til april 2012. Han leiger ut til ein familie på 4.

Vasskjelde:

Eigedomen har privat vasskjelde oppi lia. Denne er felles med hovudbruket, bnr. 4.

Renovasjon:

Eigedomen har godkjend renovasjonsordning via NGIR for heilårsbustad.

Kloakk:

Det er installert vassklosett i bygget. Har truleg vore der sidan bygget vart etablert i 1963(?). Avlaupet går gjennom plasstøypt slamavskiljar med 2 kammer og til kunstig magasin på 6 m<sup>3</sup> av maskinpukk (16-32) og vidare til terreng/kistegrøft som vert avslutta ved kommunal veg. Slamavskiljaren er plassert under terassen og fjellet går inn i denne slik at slamavskiljaren har form som ein kile.

Eigedomen er ikkje tilknytt kommunal slamtømmeordning og slamavskiljaren vert heller ikkje tømd på anna måte.

Avlaupet vart rehabilitert i sein vinter/vår i samband med lekkasje i botnen av slamavskiljaren. I rehabiliteringsperioden, usikker kor mange dagar, vart avlaupet leia vekk frå huset og inn i skogen til terreng på søraustsida av bygget (30 m rør). Det var då tele i jorda.

Området nedanfor det kunstige reinsemagasinet og vegkanten frå avkøyringa til eigedomen og fram til samleplassen for bossdunkane vart synfart. Det vart ikkje observert fri kloakk i området og det var heller ikkje lukt. (Det var tett regn under synfaringa)

Veg.

Eigedomen hadde opprinneleg sti fram til eigedomen, der det var mogeleg å koma fram med motorsykkel, men ikkje bil. Køyreveg vart etablert i traseen til stien i 2004. Overvatnet vart samstundes leia inn i kistegrøft.

Vidare saksgang:

Eigar gav kommunen løyve til å ta ny synfaring på staden utan å varsla. Kommunen orienterte om at det kan vera aktuelt å ta vassprøve nedstrøms det kunstige reinsemagasinet som er etablert.

Kommunen kjem med tilbakemelding til eigar.

